

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Beit og Bromx .

Oppskr. av: Anders H. Berge

(adresse): Nordeide

Fylke: Sogn og Fjordan

Herad: Kyrkjebø

Bygdelaag: Bergsgrenda

Gard: Berge gardane.

G.nr. 55-56- 57. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):


Spursmål 8.

SVAR

Som eg har nemnt under spursmål nr. 7. ^{han}ris vore brukt mykje i det føre år hundrad. Namnet Beit og Brum var ikkje brukt her. Det var Ris som var brukt. Riset var helst av bjørk og osp.

1.2 Ja det var mykje brukt i vår bygd. Det var vanlig ski før at dei om hausterne hogde av risved som vart heimkøyrdt på snøføre . Vart det ikkje føre måtte dei gå på skogen å risa. Då var både mannfolk og kvinnfolk avstad og risa. Rise la dei saman i store riskjippor omlag 30-40 kg. i tyngde. Disse riskjipporne bar dei heimatt med seg eller var det framkomeligt med hest vart kjipporne kløvja på hesten. Riset var 20 cm. langt. Det måtte vere fint lage elles vilde krøtara ikkje eta det.

3. Tida var den same som for skave., mars april, mai. Vinterveden vart aldri køyrt heim i heile tre .

4. Til rising var brukt same reidskap som for lauving. Reidskapet var snel. Sigd har ikkje vore brukt. sjå risset.  snel.

5. Riset vart brukt til krøtøra - serlig ungbist og hesterne. Riset vart dilt ut heilt-ikkje finhakka. Det vart ikkje blanda med annat for.

6. Riset måtte ligge i nerheita av loda ute,

Riset måtte alltid liggja ute for å halda seg frikst.

Beista fekk aldrig koma bort i risdunger elles vart dunn_
gerne rivne utover og då vart riset øydelagt.

7. Me kjenner ikkje til at den skikken har vore
bruka her. Ospekviserterne vart gjamt brotne med henderne
avdi den var så mør.

Berge den 27)12 1947.

Anders H. Berge

970